

Sjansse til å henta inspirasjon frå «Årets forbilde»

Marco Elsafadi kan by på både inspirasjon og ettertanke, for dei som nyttar sjansen til å høyra han når han kjem til Voss og held foredrag 1. november.

Høvding er tittelen hans i organisasjonen New Page, stiftinga som arbeider med vanskelegstilt ungdom mellom anna i Bergen. Måndag 1. november held han foredrag på eit ope møte som EKY Kompetanse ved Eli-Karin Yndestad held på Park Hotel Vossevangen.

Eli-Karin Yndestad peikar på at foredraget bør vera like interessant for «vanlege» folk, som for dei som vanlegvis deltek i gründer- og leiarnettverket som ho har starta. Med Marco Elsafadi sin bakgrunn innan idretten og engasjementet for unge, er innlegget spesielt aktuelt for alle som arbeider med born og unge, om det er på fritida eller som fag.

Godt menneske?

Eli-Karin Yndestad har hatt fagleg kontakt med Elsafadi ei tid, og har tenkt lenge at han burde vera aktuell som innleiing på eitt av dei opne møta ho bruker arrangera.

– Han har mange tankar til ettertanke, om det å vera eit godt menneske, seier Yndestad.

– Han har utvikla sin eigen teori om dette som er svært jordnær, seier ho.

Det handlar om å få fram det beste i kvarandre, motivasjon, og korleis ha eit godt liv med seg sjølv.

– Utvikling av sjølvkjensla er han svært oppteken av. Sjølvtilitt har ein i forhold til det me kan prestera eller levera, medan sjølvkjensle er sjølve grunnmuren. Det

handlar om kven me er, uavhengig av kva me gjer. Me kan ha høg sjølvtilitt, men låg sjølvkjensle, viss ein meiner ein ikkje er verd noko, seier Eli-Karin Yndestad.

Sjølvkjensle

Sjølvkjensla er dermed eit fundament i arbeidet for å få til kjekke ungdomar, nemner ho.

Marco Elsafadi har vore basketballspelar i eliteserien i 12 år. Han er fødd i ein FN-leir i Libanon og har ein oppvekst i Vest-Berlin, og seinare Kragerø. Han har fått ei rekkje prisar for innsatsen gjennom New Page og for foredraga sine. På idrettsgallaen i 2006 fekk han utmerkinga «Årets forbilde».

– Han er veldig engasjerande å høyra på. Marco har noko å seia, til alle, lovar Eli-Karin Yndestad.

Elsafadi har mellom anna fått prisar for «Årets mest fengslende foredrag» i 2005 og «Årets foredrag» i 2006.

Til vanleg har gründer- og leiarnettverket Columna møte ein gong for månaden, der dei har fokus på forretnings- og kompetanseutvikling på tvers av bransjar og fag. Men eit par gonger i året er det opne møte, der det i tillegg til det faglege innhaldet også er lagt vekt på det sosiale, forklarar Yndestad.

SIGRID SEIM | tekst
ss@avisa-hordaland.no



TIL VOSS: Marco Elsafadi vart kåra til «Årets forbilde» på Idrettsgallaen i 2006. 1. november held han foredrag på Park.

Godt sagt

” Hald alltid fast på det du har lært, ta vare på det, for det er ditt liv.

ORDTØKA

Dokumentar om sjuk mor på TV2

FILM: Charlotte Helleland frå Voss har laga dokumentarfilm om då mor hennar, Hazel, fekk kreft. Filmskapar og journalist Helleland byrja å filma familien si oppleving gjennom mora si sjukdomstid. Etter fire år er filmen ferdig og komande måndag vert han vist på TV2. Komande helg kan ein òg sjå dokumentaren på det store lerretet på Bergen Internasjonale Filmfestival. Ein dag får familien på fem beskjeden om at Hazel er sjuk. Ho får diagnosen beinmargskreft. Livet endra seg brått, men gjennom sjukdomstida fekk Charlotte læra å kjenna eit fantastisk mot hjå mora si og ein vilje til å få ut så mykje som mogleg ut av livet, sjølv under den tunge sjukdomen.

Kino

VOSS

Inception

Kriminaliteten har entra underbevisstheita. Verdfulle løyndomar kan stela frå folk medan dei søv, og inge det betre enn Dom Cobb. Ein siste jobb skal gje han eit normalt liv etter eit omflakkande tilvere på rømmen, men då må han klara det nesten umoglege: «inception». Med Leonardo DiCaprio. Filmen går søndag og måndag. Alder: 15 år.

Grusomme meg

Amerikansk familiefilm, 3-D CGI-film, med norske røyster. Filmen går laurdag, søndag og måndag. Tillaten for alle.

Fritt Vilt III

Voss kino set opp den nye filmen med nattpremiere rett over midnatt natt til fredag. Mange sjå-arar sat igjen med mange spørsmål etter dei føregående filmene. Kva skjedde egentleg på Stehøe fjellhotell i åra før Janicke og venene hennar kom dit? Kven var alle desse andletsause lika i bresprekken? Kvifor fann ingen sanninga tidlegare? Og korleis kunne det skje? Fritt Vilt III vil gje svara. Filmen går laurdag, søndag og måndag. Alder: 15 år

Som hund og katt: Kittys hevn

Kitty Galore, tidlegare agent for katepionorganisasjonen MJAUS, har hamna på ville vegar og klekka ut ein djvelsk plan. Det skal ikkje berre få hundefiendane hennar på plass, men også sigrar over dei tidlegare kattevenene og gjera heile verda til hennar kattedativ. Stilt overfor sitt til no største truugsmaal, må kattar og hundar samarbeida for første gong i historia. Filmen går laurdag. Alder: 7 år

ULVIK

Som hund og katt: Kittys hevn

Trudde du at hunder og katter var ekefiendar? Det er langt verre, dei er i krig med kvarandre. No disponerer dei utstyr og agentar som kunne gjort James Bond misunnleg. Filmen går søndag. Aldersgrense 7 år.

Oktoberfestival for 23. gong for toradarfrelste

FESTIVAL: 22.-24. oktober samlast toradarfrelste vest-landingar til dyst på Park.

I år er det litt færre startande enn tidligare.

– Det er 59 startande einingar og me har tre grupper færre enn i fjor, seier festivalsjef Paul Jarle Grande.

I år er det og berre to orkester som stiller i NM-klassen.

– Me ser at det vert mindre reine durorkester så til neste år er planen å lage ein open klasse, der ein kan ha med seg dei instrumenta ein vil for å spela gammaldans, seier Grande.

Fredagen startar opp med duettar og deretter vert publikum varma opp med danseorkester.

Deretter spelar orkester som

deltek i NM med ein låt i kvar dansart: reinlendar, polka/vals og marsurka/slengpolka.

Stordans

Laurdagen byrjar gruppene i dei ulike alderstrinna for solistane slepp til og den offisielle opninga skjer før solistane tek til.

Om kvelden er det klart for stordans i Vossasalen på Park Hotell Vossevangen.

– Me ynskjer sjølvstilt alle velkomne til konkurransane, men det hadde vore kjekt med ein stordans med masse vossingar òg, seier Grande.

For å lokka vossingane til dans, har festivalen leigd inn «Frisk skyss» som spelar ein heil del dansebandmusikk, og «D'Berits», som

spelar rootsmusikk.

– Her blir det både toradar, trekkspel, banjo og komp, seier Grande.

– Eg håpar vossingane stiller opp på dette, for det er ikkje ofte dei får kombinasjonen gammaldans og dansebandmusikk.

– Dessutan håpar og trur eg at det vert mykje buskmusikk i kvar krok på Park denne kvelden.

Mange unge

– Det er gledelig at mange unge har meldt seg på, det er godt for rekrutteringa. Så me vil retta ei stor takk til Voss ungdomslag som har teke tak i denne rekrutteringsbiten, seier Grande.

– Men me saknar dei litt røynde toradarfolka frå Voss som har vore med tidlegare.

Kinsarvik og Osterøy dominerer lista over dei som har meldt seg på.

– Det er viktig med ein festival for dei som likar forma, men for å nå det breie publikum kan det vera greitt med ein open klasse, seier Grande.

Sundagen vert det ein uformell meisterkonsert i Vossajuvet på Park, der vinnarane av klassane spelar.

– Konserten er gratis for alle. Eg håpar alt alle tek vegen til Park denne helga, seier festivalsjefen.

BRYNHILD STEINE | tekst
bs@avisa-hordaland.no